

Handsaming av klager på vedtak om spesialundervisning for elevar i friskular

Føremål

Rutinen følgjer av opplæringslova §§ 3-6 og 15-2, og forvaltningslova §§ 18, 19, 28, 29 og 32. Rutinen som er omtalt her, skal sikre at fylkeskommunen handsamar klager på ein forsvarleg måte og etter det som lova krev.

Omfang

Rutinen omfattar Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, vidaregåande friskular og elevar.

Framgangsmåte

Handsaming, steg for steg:

KVA	KORLEIS	NÅR	ANSVAR
Klage på enkeltvedtak om spesialundervisning vert sendt til IFS	Skriftleg	Innan 3 veker etter at vedtak er motteke	Elev
Be om notat frå skulen med kommentar til klagen	Etter skriftleg førespurnad	Frist for notat: Innan 2 veker etter at klagen er motteke	Seksjon for inntak, forvatning og sluttvurdering (IFS)
Utfall 1: IFS kjem i møte klagen: Nytt enkeltvedtak om spesialundervisning	I ePhorte, kopi til skulen	Innan 2 veker etter at notat frå skulen er motteke	IFS
Utfall 2: IFS kjem ikkje i møte klagen: Klagen skal sendast over til Fylkesmannen i Vestland	I ePhorte, kopi til elev	Innan 2 veker etter at notat frå skulen er motteke	IFS
Dersom handsamingstid blir lenger enn forventa, må IFS sende forvaltningsmelding etter § 11a i forvaltningslova til klagaren.			

